

Musikk - Grunnmodul

Innleiing

Dette er eit nettbasert studium som er berekna på lærarar som er i arbeid. Studiet tilbys høsten 2012. I tillegg til det nettbaserte studiearbeidet har studiet 2 samlingar á 3 dagar kvart semester.

Samlingar haust 2012

1. samling i uke 36: Onsdag 5. september til fredag 7. september,
2. samling i uke 49: onsdag 5. desember til fredag 7. desember.

Grunnmodul, 15 studiepoeng, har desse tema:

Musikkdidaktikk
Teori og høyrrelære
Song og stemmebruk
Bruksinstrument
Arrangering og komponering

Mål

Studentane skal

- gjennom arbeid med musikalske aktivitetar og didaktisk refleksjon utvikle kompetanse i å planlegge, gjennomføre og vurdere musikkundervisning i samsvar med læreplanverket for grunnskolen.
- utvikle dugleik i og kunnskap om dei ulike disiplinane i musikkfaget
- kunne leie og samarbeide om musikalske aktivitetar og kunne arbeide med musikk som ein del av tema- og prosjektarbeid.
- skaffe seg kjennskap til musikk som kulturuttrykk og samfunnsfenomen før og no
- skaffe seg forståing for og erfaring med musikk som skapande verksemd

Læringsutbytte

Studentane

- skal ha solide faglege og fagdidaktiske kunnskapar i musikkfaga som inngår i utdanninga
- skal ha kunnskap om det heilhetlege opplæringsløpet med spesiell vekt på barnetrinnet
- skal kunne tilretteleggje for progresjon i dei grunnleggjande dugleikar i opplæringa.

Arbeidsformer

Undervisninga vil vera nettbasert der lærarar og studentar kommuniserer via læringsplattforma It's learning og ved hjelp av medier som Skype og MSN. Denne arbeidsforma krev at studentane har elementær digital kompetanse og tilgang til breiband, webkamera og digitalt opptaksutstyr. Studentane vil delta i direktesende eller filma førelesingar og undervisningssekvensar, svara på oppgåver, delta aktivt i nettfora og bloggar, prøva ut undervisningsopplegg i eigne klassar og skriva refleksjonsnotat i tillegg til lesing og øving.

Vurdering

Eksamen i eit tema i kvart emne. For å få gå opp til eksamen må arbeidskrava i dei andre temaa i emnet vere Greidd/Ikkje greidd.

Vurderingsformer og arbeidskrav vil bli omtalt under kvart emne.

1. Didaktikk

Mål

Gjennom arbeid med musikalske aktivitetar og didaktisk refleksjon skal studentane utvikla kompetanse i å planlegga, gjennomføra og vurdere musikkundervisning i samsvar med læreplanverket for grunnskolen

Innhald

- Aktivitets- og arbeidsformer i musikkfaget
- Utforming, tilrettelegging og leiing av musikkundervisning i grunnskulen
- Didaktiske omgrep og musikkpedagogisk grunnlagstenking
- Musikalsk læring og utvikling
- Musikk, kultur og samfunn
- Klasseromsinstrument

Arbeidsformer

Nettbaserte førelesingar (skriftleg eller audiovisuelt), musikkpedagogisk diskusjonsforum på nett, felles praktiske aktivitetar på samlingar, utprøving i eigen klasse.

Arbeidskrav

- Eit innlevert mappeelement - t.d. ein dokumentasjon av 3 undervisningstimar i et semester
- Ein skriftleg refleksjon (kan vera lydopptak, bildeopptak på ca 15 minuttar og/eller ein musikkpedagogisk refleksjon på ca 5 sider som skal vera knytta til pensum.

Vurdering: Greidd/Ikkje greidd. For å få gå opp til eksamen i emnet må arbeidskrava (over) vera Greidd.

2. Teori og høyrrelære

Mål

Studenten skal øve opp evne til å gjenkjenne, identifisere, gjengi og bruke musikalsk materiale knytt til melodikk og rytmikk.

Innhald

- Melodiar i dur og moll
- Rytmar med ulike underdelingar, punkteringar og synkoper
- Akkorder, treklanger og harmonisk slektskap knytt til kvintsirkelen.

Arbeidsformer

- Arbeid på samlingane, og arbeid med tilsendte oppgåver/lydfiler som skal returnerast for rettleiing.

Vurdering

Forprøve: Greidd/Ikkje greidd. For å gå opp til eksamen må forprøve vere Greidd.

3. Song og stemmebruk

Mål

Gjennom studiearbeidet skal studentane tileigna seg

Innhald

- Songar frå ulike stilartar og sjangrar
- Arbeid med pusten sin funksjon, avspenning, tonedanning og stemmen sitt volum og funksjon

Arbeidsformer:

Leksjonar på nett, undervisning i smågrupper på samlingar, øving. Innsending og kommunikasjon vedr. teori og innstudert materiale

Vurdering:

Forprøve: Greidd/Ikkje greidd. For å gå opp til eksamen må forprøve vere Greidd..

4. Bruksinstrument

Her kan studentane velja om dei vil ha opplæring på gitar eller piano.

Mål:

Gjennom studiearbeidet i bruksinstrument skal studentane opparbeida dugleik i å

akkompagnera eigen song og klassesong (piano og gitar) og i å leia song- og samspelaktivitetar knytta til instrumentet (gitar).

Innhald

- Elementær speleteknikk på instrumentet, akkordar og akkordoppbygging, besifringssymbol og tabulatur (gitar)
- Ulike akkompagnementsmønster og vurdering av musikalsk karakter
- Kunne spela melodiar og arrangement etter notar.
- Arbeid med et variert repertoar som er relevant for klasserommet

Arbeidsformer:

- Leksjonar på nett, gruppeundervisning på samlingar, utprøving i eigen klasse, øving.
- Kommunikasjon med faglærer via nettmedier som t.d. Skype.
- Innsende opptak der studenten akkompagnerer seg sjølv eller andre
- Skrive refleksjonsnotat om erfaringar med bruksinstrument i eigen klasse

Vurdering:

Eksamen på den siste samlinga